

DELEGERING AV AVGJERDSMYNDE

Frå kommunestyret til andre folkevalde organ og
til kommunedirektør

Delegasjonsreglementet skal opp i kvar valperiode.

Siste ti endringar:

- 22.02.24. PS 2/24 (2022/175)
- 16.02.23. PS 3/23 (2022/175)
- 17.02.22. PS 6/22 (2022/175)
- 18.02.21. PS 2/21 (2019/2823)
- 17.12.19. PS 84/19 (2019/2823)
- 19.09.19. PS 46/19 (2017/589)
- 20.06.19. PS 42/19 (2019/1136)
- 21.02.19. PS 05/19 (2016/264)
- 15.02.18. PS 02/18 (2016/264)
- 16.02.17. PS 05/17 (2016/264)

Innhold

1. GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE.....	4
2. KLAGEHANDSAMING.....	5
3. KOMMUNESTYRET.....	5
4. DELEGERING TIL FORMANNSKAPET.....	6
5. DELEGERING TIL UTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR.....	8
6. DELEGERING TIL UTVAL FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG	9
7. DELEGERING TIL UTVAL FOR BYUTVIKLING.....	10
8. DELEGERING TIL DRIFTSUTVALET.....	11
9. DELEGERING TIL ARBEIDSGJEVARUTVALET.....	12
10. DELEGERING TIL KONTROLLUTVALET.....	12
11. DELEGERING TIL KLAGENEMNDA.....	12
12. DELEGERING TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR.....	13
13. DELEGERING TIL KOMMUNEDIREKTØR.....	14
<i>Mynde som ikkje er heimla i særlov:.....</i>	<i>14</i>
<i>Alkoholloven.....</i>	<i>15</i>
<i>Barnehagelova.....</i>	<i>16</i>
<i>Barnevernloven.....</i>	<i>18</i>
<i>Brann- og eksplosjonsvernloven.....</i>	<i>18</i>
<i>Eierseksjonsloven.....</i>	<i>19</i>
<i>Ekteskapsloven.....</i>	<i>19</i>
<i>Film og videogramlova.....</i>	<i>20</i>
<i>Folkehelseloven.....</i>	<i>20</i>
<i>Forurensingsloven.....</i>	<i>21</i>
<i>Friluftsløven.....</i>	<i>23</i>
<i>Friskolelova.....</i>	<i>23</i>
<i>Gravferdsloven.....</i>	<i>23</i>
<i>Havne- og farvannsloven.....</i>	<i>24</i>
<i>Helse- og omsorgstjenesteløven.....</i>	<i>25</i>
<i>Integreringsloven.....</i>	<i>26</i>
<i>Introduksjonsloven.....</i>	<i>27</i>
<i>Jordlova.....</i>	<i>27</i>
<i>Kommuneløven.....</i>	<i>28</i>
<i>Konsesjonsloven.....</i>	<i>29</i>
<i>Kulturminneløven.....</i>	<i>29</i>
<i>Lakse- og innlandsfiskeløva.....</i>	<i>29</i>
<i>Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet.....</i>	<i>29</i>
<i>Lov om utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn.....</i>	<i>29</i>
<i>Matrikkeløva.....</i>	<i>29</i>
<i>Motorferdselsloven.....</i>	<i>30</i>
<i>Naturmangfoldloven.....</i>	<i>30</i>
<i>Offentleglova.....</i>	<i>31</i>
<i>Opplæringslova.....</i>	<i>31</i>
<i>Plan- og bygningsloven.....</i>	<i>33</i>

<i>Politi</i> loven	35
<i>Serverings</i> loven	36
<i>Skogbruks</i> lova	37
<i>Smittevern</i> loven.....	37
<i>Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (NAV)</i>	37
<i>Straffeprosess</i> loven.....	37
<i>Tobakkskadel</i> loven.....	37
<i>Vannressurs</i> loven	38
<i>Veglova</i>	39
<i>Vegtrafikk</i> loven	41
<i>Vilt</i> loven	42

1. GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE

For all utøving av delegert mynde gjeld følgjande generelle reglar:

1. All delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjevne av overordna organ og innanfor gjevne budsjetttrammer og -føresetnader.
2. Politiske utval kan, dersom ikkje anna går fram av lov eller forskrift, gje kommunedirektøren fullmakt til å avgjera einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av "prinsipiell betydning", jf. kommuneloven § [13-1](#).
3. Med mindre anna er sagt, kan kommunedirektøren vidaredelegera mynde til underordna. All delegering av mynde skal vera skriftleg.
4. Eit overordna politisk organ eller kommunedirektøren kan innanfor rammene av [forvaltningslova § 35](#) på eige initiativ gjera om eit underordna organ eller medarbeidar sitt vedtak. Tilsvarande kan eit overordna politisk organ eller kommunedirektøren krevja å få ei sak som skal avgjerast av eit underordna organ/medarbeidar til avgjerd eller uttale.
5. Mynde som gjeld forvaltning av kommunen som likviditet og gjeld (finansportefølgje) er delegert til kommunedirektøren gjennom Økonomireglementet for Stord Kommune, vedteke i Kommunestyret 19.12.22, sak: 70/2022.
6. Mynde som gjeld plassering av kommunen sin likviditet, er delegert til kommunedirektøren gjennom Finansreglementet for Stord kommune, vedteke i kommunestyret 17.06.10, sak: 44/2010. Sist revidert i kommunestyret 23.06.16.
7. Interkommunale samarbeid etter kommunelova med delegert mynde:
 - a. Sunnhordland interkommunale barnevern SIB. Organisert som vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 20-2. Stord kommune er vertskommune, medan kommunane Fitjar og Bømlo er samarbeidskommunar. Stord kommune ved kommunedirektøren er delegert all mynde (rettar og plikter) til utøving av lov om barneverntenester av 20.06.92. nr. 100 frå kommunane Fitjar og Bømlo. Kommunedirektøren kan delegera dette myndet vidare, jf. samarbeidsavtalen § 2.
 - b. Stord og Fitjar Landbruk og miljøkontor SFLMK. Organisert som vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 20-2. Fitjar kommune er vertskommune, medan Stord kommunane er samarbeidskommune. Mynde som gjeld landbruks- og miljø saker er delegert til kommunedirektøren med instruks om vidare delegasjon til kommunedirektøren i vertskommunen Fitjar.
 - c. Samarbeidsavtale om PPT-samarbeid – Tysnes – Stord – Fitjar. Organisert som vertskommunesamarbeid etter kommunelova [§ 20-2](#) (svarar til gamal kommunelov § 28-1 b)). Stord kommune er vertskommune, medan kommunane Tysnes og Fitjar er samarbeidskommunar. Mynde etter opplæringslova [§ 5-6](#) og barnehagelova [§ 33](#) (svarar til gamal barnehagelov § 19 c), er delegert frå kommunestyra i Tysnes og Fitjar, med instruks til kommunedirektørane om vidare delegasjon til kommunedirektøren i vertskommunen Stord, jf. Samarbeidsavtala § 3. Reglane gjeld likevel pedagogisk psykologisk teneste, som er ei oppgåve, ikkje mynde.
8. Kommunedirektøren har fullmakt til å gjera det hen finn naudsynt ved ei eventuell krise/katastrofe, jf. Overordna beredskapsplan. Kommunedirektøren skal leggja fram for fyrste formannskap kva disposisjonar som er gjort i tråd med denne fullmakta.

2. Klagehandsaming

1. Klage på enkeltvedtak – eksternt klageorgan etter særlover (Typisk Statsforvaltaren i Hordaland)
 - a. Politiske organ er underinstans ved saksførebuing av klagesak som gjeld enkeltvedtak treft av organet sjølv. Med underinstans meiner ein forvaltningsorganet som traff avgjerda som vert påklaga.
 - b. Kommunedirektøren er underinstans ved saksførebuing av klagesak som gjeld enkeltvedtak treft av kommunedirektøren sjølv eller nokon han har delegert sin mynde til.
 - c. Utval for byutvikling er likevel underinstans etter [forvaltningslova § 33](#) ved saksførebuing av klagesak som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova. Dette gjeld enkeltvedtak som gjeld regulering, byggesak og oppmåling, der vedtaket er treft av kommunedirektøren sjølv eller nokon hen har delegert sin mynde til.

2. Klage på enkeltvedtak – kommunen sjølv som klageorgan, jf. Klagenemnda pkt. 10
 - a. Politiske organ er underinstans ved saksførebuing av klagesak som gjeld enkeltvedtak treft av organet sjølv. Dersom kommunestyret har treft enkeltvedtak i førsteinstans, er det likevel departementet som er klageinstans, ikkje eit anna kommunalt organ. Sjå [forvaltningslova § 28, 2. ledd](#).
 - a. Kommunedirektøren er underinstans ved saksførebuing av klagesak som gjeld enkeltvedtak treft av kommunedirektøren sjølv eller nokon hen har delegert sin mynde til.

3. Kommunestyret

Kommunestyret er det øvste styrande kommunale organ og gjer vedtak på kommunen sine vegne, så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak, jf. [Kommuneloven § 5-3](#).

4. DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

Formannskapet handsamar forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. Elles fastset kommunestyret området for formannskapet si verksemd. Formannskapet kan verta tildelt avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna fylgjer av lov, jf. [kommuneloven § 5-6, 4. ledd](#). Formannskapet har avgjerdsmynde innanfor formannskapet sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde.

Formannskapet har følgjande arbeidsområde:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel og interkommunale planar
- Kommunedelplanar og temaplanar som høyrer inn under formannskapet sitt saksområde
- Høyringsuttaler til regionale planar, nasjonale retningslinjer, samt lov – og forskriftsendringar som høyrer inn under formannskapet sitt saksområde
- Politiske leiings- og samordningsoppgåver, inklusivt samarbeid med andre kommunar
- Leia og samordna arbeidet med økonomiplanen og leggja fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Beredskaps- og forsyningsaker
- Andre administrative oppgåver som ikkje er lagt til andre utval/styre
- Andre saker etter tilvising frå ordføraren
- Samferdselpolitiske saker
- Eigarskapspolitikk
- Næringsutvikling (inkl. reiseliv og turisme) og sysselsetting
- Klima- og energipolitikk
- Miljø- og naturvernsaker
- Jord- og skogbrukssaker, konsesjonssaker
- Havbrukssaker
- Motorferdsle i utmark og vassdrag
- Kyrkje

Formannskapet har avgjerdsmynde i saker innanfor sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde.

Formannskapet har elles slik avgjerdsmynde:

Alkoholoven

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 02.06.89 nr. 27

<p>§ 1-6, 2. ledd, 1. pkt.</p>	<p>Faste sals- og skjenkeløyve Å fatta vedtak om faste sals- og skjenkeløyve innanfor dei rammene og reglane som er fastsett i alkoholpolitiske retningslinjer i Stord kommune, eller i andre kommunale reglar og retningslinjer som er relevante i denne samanhengen; samt spesielle prinsippvedtak fastsett av kommunestyret.</p> <p>Formannskapet har likevel ikkje mynde til å gjera unntak (gi dispensasjon) frå det kommunale regelverket som er fastsett i dei alkoholpolitiske retningslinjene for Stord kommune.</p>
<p>§ 1-6, 2. ledd, 2. pkt.</p>	<p>Fast sals- og skjenkeløyve for ein bestemt del av året Å fatta vedtak om fast skjenkeløyve og salsøyve for ein bestemt del av året. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune</p>
<p>§ 1-8</p>	<p>Inndraging av løyvet Å fatta vedtak om inndraging av løyve for resten av perioden dersom vilkår for løyve ikkje lengre er oppfylt, eller det ikkje er nytta det siste året.</p>
<p>§ 3-1b, 1. ledd</p>	<p>Utvida løyve til innførsel eller tilverking av alkoholhaldig drikk til sal</p>

	Å fatta vedtak om utviding av faste salsløyve til også å omfatta innførsel eller tilverking av alkoholhaldig drikk for sal i eigen verksemd.
§ 4-2, 3 ledd.	Utvida løyve til innførsel eller tilverking av alkoholhaldig drikk til skjenking Å fatta vedtak om utviding av fast skjenkeløyve til også å omfatta tilverking, dersom tilverkinga går føre seg ved skjenkestaden og utgjer ein del av staden sin heilheitlege karakter og serveringstilbod.

Kommuneloven

Lov om kommuner og fylkeskommuner, av 22.06.18. nr. 83

§ 11-8:	Å treffa vedtak i saker som ordinært skulle ha vore avgjort av kommunestyret, i dei høve når det er turvande å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla kommunestyre. ("Hasteparagrafen")
-------------------------	--

Plan- og bygningsloven

Lov om planlegging og byggesaksbehandling 27.06.08. nr. 71

	Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, interkommunalt plansamarbeid, kommunedelplanar for delar av kommunen sitt område og kommunedelplanar som vedkjem fleire utval sine arbeidsområde
§ 11-12, 2 ledd	Å vedta oppstart av planarbeid og å senda framlegg til planprogram til høyring og offentleg ettersyn, med unntak av faglege planar som vert styrt via utvala
§ 11-13, 2 ledd	Å vedta planprogram

Reglement for Formannskapet går elles fram av Politiske reglement og retningslinjer for Stord kommune.

5. DELEGERING TIL UTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR

Kommunestyret fastset sjølv området for dei faste utvala si verksemd. Slike utval kan verta tildelt avgjerdsmynde i alle saker kor ikkje anna fylgjer av lov, jf. [kommuneloven § 5-7, 2. ledd](#).

Utvalet kan gjera vedtak i saker innanfor sitt arbeidsområde der vedtaksmynde ikkje ligg til kommunestyret eller er delegert til kommunedirektøren.

Utvalet har følgjande arbeidsområde:

- Barnevern
- Barnehage
- Grunnskule, skulefritidsordning
- Pedagogisk-/psykologisk teneste
- Vaksenopplæring
- Fritidsklubbar
- Kulturskule
- Saker om samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT)
- Spørsmål om barn sine oppvekstvilkår
- Kommunedelplanar og temaplanar som høyrer inn under utvalet sitt saksområde
- Høyringsuttaler til regionale planar, nasjonale retningslinjer, samt lov – og forskriftsendringar som høyrer inn under utvalet sitt saksområde
- Allment kulturarbeid, herunder å vedta reglar for tildeling av kulturmidlar
- Bibliotek
- Kinodrift
- Sport, idrett, friluftsliv og nærmiljø
- Frivillig organisasjonsliv
- Religiøse organisasjonar

Utvalet har avgjerdsmynde i saker innanfor sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde. I slike saker der avgjerdsmynde ligg til overordna organ skal Utvalet gje tilråding, eventuelt fråsegn.

Utvalet har elles slik avgjerdsmynde:

Opplæringslova

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17.07.98 nr. 61

§ 8-1, 1 ledd, 2 pkt.:	Å gje forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til.
--	--

Plan- og bygningsloven

Lov om planlegging og byggesaksbehandling 27.06.08. nr. 71

	Kommunedelplanar og fag- og temaplanar innan Utvalet sine arbeidsområde
§ 11-12, 2 ledd	Å vedta oppstart av planarbeid og å senda framlegg til planprogram til høyring og offentleg ettersyn
§ 11-13, 2 ledd	Å vedta planprogram

Reglement for Utval for oppvekst og utdanning går elles fram av Politiske reglement og retningslinjer for Stord kommune.

6. DELEGERING TIL UTVAL FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG

Kommunestyret fastset sjølv området for dei faste utvala si verksemd. Slike utval kan verta tildelt avgjerdsmynde i alle saker kor ikkje anna fylgjer av lov, jf. [kommuneloven § 5-7, 2. ledd](#).

Utvalet kan gjera vedtak i saker innanfor sitt arbeidsområde der vedtaksmynde ikkje ligg til kommunestyret eller er delegert til kommunedirektøren.

Utvalet har følgjande arbeidsområde:

- Helse- og omsorgstenesta, sosialtenesta, folkehelse
- Helse- og rusmiddelvern
- Omsorg for eldre og funksjonshemma
- Bustadpolitikk/bustadspørsmål
- Kommunedelplanar og temaplanar som høyrer inn under utvalet sitt saksområde
- Høyringsuttaler til regionale planar, nasjonale retningslinjer, samt lov – og forskriftsendringar som høyrer inn under utvalet sitt saksområde
-

Utvalet har avgjerdsmynde i saker innafor sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde. I slike saker der avgjerdsmynde ligg til overordna organ skal Utvalet gje tilråding, eventuelt fråsegn.

Plan- og bygningsloven

Lov om planlegging og byggesaksbehandling 27.06.08. nr. 71

	Kommunedelplanar og fag- og temaplanar innan Utvalet sine arbeidsområde
§ 11-12, 2 ledd	Å vedta oppstart av planarbeid og å senda framlegg til planprogram til høyring og offentleg ettersyn
§ 11-13, 2 ledd	Å vedta planprogram

Reglement for Utval for rehabilitering, helse og omsorg går elles fram av Politiske reglement og retningslinjer for Stord kommune.

7.DELEGERING TIL UTVAL FOR BYUTVIKLING

Kommunestyret fastset sjølv området for dei faste utvala si verksemd. Slike utval kan verta tildelt avgjerdsmynde i alle saker kor ikkje anna fylgjer av lov, jf. [kommuneloven § 5-7, 2. ledd](#).

Utvalet har avgjerdsmynde på sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde. Utvalet kan gje fråsegn/uttale i saker, etter avgjerd av leiaren.

Utvalet sitt arbeidsområde:

- Hamnesaker
- Teknisk/fagleg godkjenning av planer for idrettsanlegg ved søknad om statleg stønad (spelemidlar) og ferdiggodkjenning av anlegg
- Tekniske tenester, herunder også vatn- og avlaup
- Kommunedelplanar og temaplanar som høyrer inn under utvalet sitt saksområde
- Høyringsuttaler til regionale planar, nasjonale retningslinjer, samt lov – og forskriftsendringar som høyrer inn under utvalet sitt saksområdeKultur- og bygningsvern
- Fastsetjing av stad- og vegnamn og skrivemåte m.m.

Utvalet har avgjerdsmynde innanfor sitt arbeidsområde dersom myndet ikkje er tillagt andre organ eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde. I slike saker der avgjerdsmynde ligg til overordna organ skal Utvalet gje tilråding, eventuelt fråsegn.

Plan- og bygningsloven

Lov om planlegging og byggesaksbehandling 27.06.08. nr. 71

	Kommunedelplanar og fag- og temaplanar innan Utvalet sine arbeidsområde
§ 11-12, 2 ledd	Vedta oppstart av planarbeid Å vedta oppstart av planarbeid og å senda framlegg til planprogram til høyring og offentleg ettersyn
§ 11-13, 2 ledd	Vedta planprogram Å vedta planprogram
§ 11-17:	Endring og oppheving av kommuneplanens arealdel Å vedta mindre endringar i planen i samsvar med kommunelova sine regler. Før ein treff slikt vedtak, skal saka leggjast fram for berørte mynde
§ 12-1, 2.ledd:	Reguleringsplan m.v. Å sørge for at det vert utarbeidd reguleringsplan m.v.
§ 12-2, 2.ledd:	Områdeplan Å fatta vedtak om at andre mynde og private kan utarbeida framlegg til områdeplan
§ 12-8, 2. ledd, 3 pkt.:	Overprøving av kommunedirektøren sin beslutning om stopp av privat planinitiativ Å få førelagt til endeleg avgjerd, kommunedirektøren si beslutning om at privat planinitiativ skal stoppast. (Sjå delegasjon til kommunedirektøren etter § 12-8, 2 ledd 1. og 2. pkt.) . Avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak
§ 12-9, 3. ledd, 3 pkt.:	Fastsetjing av planprogram Å fastsetje planprogram.
§ 12-9, 3. ledd, 4. pkt.	Ikkje fastsetja planprogram Å fatta endeleg avgjerd om ikkje å fastsette planprogram. Avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak.
§ 12-11:	Private reguleringsframlegg Å fatta avgjer om at forslag til privat reguleringsplan skal fremjast og leggjast ut til offentleg ettersyn (førstegongs handsaming) BUT kan

	<p>samstundes fremja alternative forlag til regulering av arealet. Finn ikkje BUT grunn til å fremja forslaget, skal forslagsstillaren innan tre veker underrettast ved brev. Er forslaget i samsvar med kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering, kan avslaget krevjast førelagt kommunestyret.</p>
§ 12-12, 1. ledd:	<p>Framlegging av planframlegg for kommunestyret Å fatta avgjerd om å leggja planframlegg fram for kommunestyret</p>
§ 12-12, 2. ledd:	<p>Mindre reguleringsplanar Å vedta mindre reguleringsplanar, når planen er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og det er mindre enn 4 år sidan kommuneplanen vart vedteke.</p>
§ 12-14, 2. ledd:	<p>Endringar i reguleringsplanar Å gjera vedtak om endringar i reguleringsplan eller til å vedta utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplan når endringane i liten grad vil påverka gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovudrammene i planen, og heller ikkje berører omsynet til viktige natur- og friluftsområder (små endringar er delegert til kommunedirektøren)</p>
§ 12-14, 4. ledd:	<p>Oppheving av reguleringsplan Å treffe vedtak om å oppheva plan som i det vesentlege er i strid med overordna plan.</p>
§ 13-1, 2. ledd	<p>Mellombels forbod mot tiltak Å fatta vedtak om midlertidig forbod mot tiltak</p>
§ 19-2, 1. ledd.	<p>Varig eller mellombels dispensasjon Å fatta vedtak om å gje varig eller midlertidig dispensasjon frå reglar med heimel i eller i medhald av denne lova. Kurante saker og som ikkje er av prinsipiell politisk art vert delegert til kommunedirektøren</p>

8. DELEGERING TIL DRIFTSUTVALET

Driftsutvalet er kommunen sitt partssamansette utval etter [kommuneloven § 5-11](#).

Driftsutvalet har etter dette reglementet slik mynde:

<p>Personalpolitiske retningslinjer Å vedta overordna personalpolitiske retningslinjer for Stord kommune</p>
<p>Inndraging av stillingar Å avgjera saker vedrørande overkapasitet/inndraging av stillingar</p>
<p>Tolking av avtalar Å ta stilling til tvistar om tolking og praktisering av avtalar, reglement og andre føresegner som gjeld tilsetjings- og arbeidsvilkår til arbeidstakarane, m.a. godkjenna A-rundskriv frå KS</p>

Driftsutvalet har avgjerdsmynde i saker som gjeld forholdet mellom kommune som arbeidsgjevar og dei tilsette, dersom myndet ikkje er tillagt andre organ eller saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal ha avgjerdsmynde.

Reglement for Driftsutvalet går elles fram av Politiske reglement og retningslinjer for Stord kommune.

9. DELEGERING TIL ARBEIDSGJEVARUTVALET

Arbeidsgjevarutvalet består av arbeidsgjevarrepresentantane i Driftsutvalet.

Utvalet har etter dette reglementet slik mynde:

Vedta avtaler/protokollar med arbeidstakarorganisasjonane av prinsipielt verdi
Drøfta og ta stilling til kommunen sine prioriteringar og forhandlingsopplegg i samband med lokale forhandlingar etter kap. 3.2.1. (henta frå Politiske reglement)
Fastsette løn til kommunedirektøren etter Hovedtariffavtalen kap. 3.4.1.

10. DELEGERING TIL KONTROLLUTVALET

kontrollutvalg skal føra løpande kontroll på deira vegne jf. [Kommunelova § 23-1](#). Kontrollutvalet har mynde til:

Vedta endringar i Plan for forvaltningskontroll 2020-2024, herunder evaluera, omprioritera, samt definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen, jf. vedtak i kommunestyret 24.09.20 PS 53/20.
Vedta endringar i Plan for eigarskapskontroll 2020-2024, herunder evaluera, omprioritera, samt definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen, jf. vedtak i kommunestyret 24.09.20 PS 54/20.

11. DELEGERING TIL KLAGENEMNDA

Klagenemnda har mynde til:

Forvaltningsloven

Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker, av 10.12.67.

§ 28, 2 ledd:	Avgjera klagesaker å avgjera klagesaker vedk. enkeltvedtak, jf. fvl. § 2 b , som ikkje er gjort etter særlov, eller der det er fastsett i særlov at kommunestyret eller særskild kommunal klagenemnd er klageinstans.
-------------------------------	---

Reglement for Klagenemnda går elles fram av Politiske reglement og retningsliner for Stord kommune.

12. DELEGERING TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

Kommuneloven

Lov om kommuner og fylkeskommuner 22.06.18. nr. 83

§ 6-1, 2. ledd, jf. Tvistelova § 2-5 jf. domstolslova § 191:	<p>Ordførar er rettsleg representant for kommunen og underskriv på kommunen sine vegne i alle tilfelle der mynde ikkje er tildelt andre.</p>
§ 6-1, 4. ledd, a):	<p>Stord kommunestyre gir ordføraren (og varaordføraren når hen fungerer i ordføraren sin stad) fullmakt til å treffa vedtak i enkeltsaker eller i typar av saker som «ikkje er av prinsipiell tyding» innanfor arbeids- og ansvarsområdet til kommunestyret, formannskapet, utvala og Driftsutvalet i sommarferien, i den perioden det er pause i møteverksemda (ca. 2-2 1/1 mnd. kvart år) jf. kommuneloven § 6-1, 4. ledd.</p> <p>Ordføraren har høve til å delegera si fullmakt til dei respektive Utvalsleiarane dersom hen ynskjer det. Vedtaka skal refererast i første møtet etter ferien, i dei styreorgana der sakene naturleg høyrer heime.</p> <p>Dette fullmaktsvedtaket gjeld inntil kommunestyret vedtek noko anna. Jf. kommunestyrevedtak 20.06.96, PS 67/96.</p>

Ekteskapsloven

Lov om ekteskap av 04.07.91. nr. 47

§ 12:	<p>Vigsling Å erklæra brudefolka for ektefolk, jf. kommunestyrevedtak 26.10.17 PS 55/17</p>
-----------------------	---

Mynde som ikkje er heimla i lov:

	<p>Representant i selskap der Stord kommune har eigarinteresser Ordførar har mynde til å representera Stord kommune i representantskapet (IKS), og generalforsamlingar (AS og ASA) der Stord kommune har eigarinteresser. Ordførar har også mynde til å peika ut ein kommunestyrerepresentant i sin stad.</p>
	<p>Representant i verksemdar der Stord kommune har deltakarinteresser Ordførar har fullmakt til å representera Stord kommune i årsmøtet (FLI) der Stord kommune har deltakarinteresser. Ordførar har også mynde til å peika ut ein kommunestyrerepresentant i sin stad.</p>

13. DELEGERING TIL KOMMUNEDIREKTØR

Politiske organ og utval kan, dersom ikkje anna går fram av lov eller forskrift, gje kommunedirektøren fullmakt til å avgjera einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell verde, jf. kommuneloven [§ 13-1, 6. ledd](#). Om kva som er av prinsipiell verde, seier Ot.prp. nr. 42 (91-92) m.a. følgjande.

"Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser og ut fra kommunenes størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønnsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen anses klarlagt gjennompolitiske vedtak, instruksjer eller tidligere praksis."

Dersom kommunedirektøren er i tvil om ei sak er av prinsipiell verde, vert spørsmålet om dette å leggja fram for ordføraren.

Med mindre anna er sagt kan kommunedirektøren delegere vidare mynde til underordna. All delegering av mynde skal vera skriftleg.

Kommunedirektøren har etter dette reglementet slik mynde:

Mynde som ikkje er heimla i særlov:

<p>Tilsetjing/oppseiing Å tilsetja og seie opp i alle stillingar med unnatak av kommunedirektøren</p>
<p>Effektivisering- og produktivitetstiltak og adm.org. endr. Å fatta vedtak om effektiviserings- og produktivitetstiltak og administrative organisasjonsendringar av ikkje-prinsipiell verde</p>
<p>Arbeidsmarknadstiltak Å oppretta eller leggja ned sysselsettingstiltak som er i samsvar med godkjende avtalar og tilsegn for arbeidsmarknadstiltak, og som er i samsvar med årsbudsjett og økonomiplan</p>
<p>Tingingar med arbeidstakarorganisasjonane Å forhandla og godkjenna protokollar frå alle lokale lønsforhandlingar som er heimla i den til ei kvar til gjeldande Hovudtariffavtale. Dette mynde omfattar likevel ikkje lokale lønsforhandlingar for kommunedirektøren, kommunalsjefar og personalsjef</p>
<p>Arbeidsmiljøutvalet Å representere arbeidsgjevar i Arbeidsmiljøutvalet</p>
<p>Inngå rammeavtalar Å inngå og underteikne rammeavtalar, herunder kjøps- og leigeavtalar m.m. (overordna avtalar mellom kommune og leverandør). Inngåing av leigeavtalar med varigheit utover økonomiplan perioden vert ikkje delegert.</p>
<p>Inngå enkeltstående kjøps- og leigeavtalar m.m. Å inngå og underteikna kjøps- og leigeavtalar m.m., innanfor dei rammer som ligg i årsbudsjett og økonomiplan. Leigeavtalar (unntak bustadar) med varigheit utover økonomiplanperioden vert ikkje delegert.</p>
<p>Opptak av born i Stord kulturskule Å fatta vedtak om opptak av born i Stord kulturskule</p>
<p>Utleige av skular, barnehagar m.m. Å ta avgjer i saker innanfor opplæringslova og barnehagelova sine rammer vedk. utleige av skular, barnehagar m.m.</p>
<p>Kjøp, sal av tenester – fritid og kultur m.m.</p>

Å ta avgjer i saker vedkommande kjøp og sal av tenester til fritids- og kulturliv frå /til andre kommunar, fylkeskommunar m.m.
Tildeling av kulturmidlar i samsvar med retningslinjer Å tildela kulturmidlar i samsvar med til ei kvar tid gjeldande retningslinjer
Tildeling av tilskot til kulturføremål m.m. Å løyva midlar til aktuelle kulturføremål, innanfor dei rammer som politiske organ har sett Å gi økonomisk støtte, eller å ta på seg, konsertar eller andre kulturtilskipingar Å attestera rekneskapssamandrag for bygging av idrettsanlegg/lokale kulturbygg
Vedtak om ledsagerbevis Å fatta vedtak om utsteding av ledsagerbevis
Tildeling av lån og tilskot, fastsett av statlege organ Å fatta vedtak om startlån/tilskot og eventuelt klagesaker etter reglar fastsett etter statlege organ, her Husbanken
Fastsetjing av husleiger Å rekne ut og fastsetje husleige for kommunale husvære i samsvar med føringar vedteke i årlege budsjett m.m. og i samsvar med reglar fastsett i husleigelov og liknande.
Utkasting frå kommunale utleigehus Å setja fram krav om utkasting frå kommunale utleigehus og utleigeareal, i dei høve leigetakar har misleghalde husleigeavtalar og andre avtalar
Avståing/sal av tomt og/eller bygg (Sjå KS 22.10.20., PS 73/20) Å avstå/selja kommunal tomt og/eller bygg dersom det ikkje er av prinsipiell tyding. •
Kjøp av tomt og/eller bygg Å kjøpa tomt og/eller bygg til ein verdi opp til kr 5 mill. Utan hinder av beløpsgrensa, kan følgjande kjøpast: <ul style="list-style-type: none"> • Burettslagseigedom/sameige/lut • Å gjera grunnverv i samband med gjennomføring av investeringsprosjekt
Eigedomshøve – mynde som privat part Å opprette servituttavtalar Å inngå avtalar om trehogst på kommunal grunn
Kinobillettprisar Å fastsetja pris på kinobillettar

Alkoholoven

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 02.06.89 nr. 27

§ 1-6, 2 ledd, siste pkt. 2. del	Skjenke- og salsløyve for eit enkelthøve Å fatta vedtak om skjenke- og salsløyve for eit enkelt bestemt høve. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune
§ 1-7c), 1. ledd:	Godkjenning av personar ved styrarskifte Å fatta vedtak om godkjenning av personar ved styrarskifte. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune
§ 1-8, jf. forskrifta §§ 10-5, 2. ledd, jf. 10-3 og 10-4:	Tildeling av prikkar Å fatta vedtak om tildeling av prikkar der bevillingshavar ikkje lenger oppfyller vilkåra i § 1-7 c eller ikkje oppfyller sine plikter etter lov eller bevillingsvedtak

§ 1-8, 3 ledd jf. forskrifta §§ 10-6, 2. ledd, jf. 10-2, 2. ledd og 10-4, 2. ledd:	Mellombels inndraging av bevilling Å fatta vedtak om inndraging av bevilling på grunnlag av tildeling av prikkar
§ 4-2, 4. ledd, 2. pkt.	Utvida bevilling utanfor skjenkelokale for eit enkelthøve Serveringsstader som frå før har alminneleg skjenkeløyve kan for eit enkelthøve få utvida område for skjenking innandørs og utandørs, jf. Alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune
§ 4-4, 3. ledd:	Utviding av skjenketid for eit enkelthøve Å fatta vedtak om å utvida tid for skjenking for eitt enkelthøve for faste løyve innanfor makstida. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune
§ 4-5:	Ambulerande skjenkeløyve til lukka lag Å fatta vedtak, om ambulerande skjenkeløyve til lukka lag. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune

Barnehagelova

Lov om barnehager av 17.06.05. nr 64

§ 14	Godkjenning av barnehagar Å fatta avgjerd i søknad om godkjenning etter ei vurdering av "barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2", Ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid. Delegasjonen gjeld både ordinære barnehagar og familiebarnehagar (jf. FOR-2005-12-16-1555.)
§ 17	Opptak av barn i barnehage Å ta avgjerd i om opptak av barn i barnehage. Forvaltningslova kap. IV-VI gjeld ikkje for opptak.
§ 19, jf. Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 1	Vedtak om kommunalt tilskot Å fatta vedtak om tilskot til private barnehagar ein gong i året. Åten ugrunnet opphold fatta nytt vedtak om tilskudd til private barnehager hvis det følger av lokale retningslinjer eller det foreligger store aktivitetsendringer etter § 12.
§ 19, jf. Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 4a, 1. ledd	Dekka vesentleg høge pensjonsutgifter Å fatta vedtak om å få dekkja pensjonsutgifter når den private barnehagen har søkt om dette og den private barnehagen har pensjonsavtale inngått før 1. januar 2015 og har vesentleg høgare pensjonsutgifter enn det som blir dekkja gjennom pensjonspåslaget
§ 19, jf. Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 6, 2. ledd	Kapitaltilskot ved arealauke Dersom den private ordinære barnehagen er ny eller har ein stor auke i godkjent areal, skal kommunen gje barnehagen kapitaltilskot per heiltidsplass for dette arealet ut frå barnehagen sitt godkjenningsår etter tabell.
§ 19, jf. Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 9	Vedtak om sats Å fatta vedtak om satsar til barnehagar innan 31. oktober i året før tilskotsåret

§ 19, jf. Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 13	<p>Tilbakebetaling av tilskot Å fatta vedtak om tilbakebetaling mot private barnehagar som grunna feil frå barnehagen si side, mottok høgare tilskot enn den har krav på</p>
§ 20, jf. forskrift om foreldrebetaling i barnehager, av 16.12.2005. § 3, 3 ledd	<p>Moderasjonsordningar Å fatta vedtak om reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling</p>
§ 24, 3 ledd, jf. Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, jf. § 3, 1 ledd	<p>Mellombels dispensasjon frå utdanningskravet - styrar Å ta vedtak om innvilga dispensasjon frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar for inntil eitt år om gangen, dersom barnehageeigar søkjer om det, stillinga det vert søkt dispensasjon for har vore offentleg utlyst og det ikkje har meldt seg kvalifisert søkjar.</p>
§ 24, 3 ledd, jf. Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, jf. § 3, 2 ledd	<p>Mellombels dispensasjon frå krav om norskferdigheiter - styrar Å ta avgjerd om dispensasjon frå kravet om norskferdigheiter for personar med utanlandske yrkeskvalifikasjonar som styrar eller pedagogisk leiar, dersom barnehageeigar søkjer om det, stillinga det vert søkt om dispensasjon for har vore offentleg utlyst og det ikkje har meldt seg kvalifisert søkjar.</p>
§ 25, 2 ledd, jf. Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, jf. § 2	<p>Mellombels dispensasjon frå utdanningskravet – pedagogisk bemanning Å fatta vedtak om dispensasjon frå § 1 i forskrifta for inntil eitt år om gongen dersom særlege omsyn tilseier det og barnehageeigar søkjar om dispensasjon</p>
§ 25, 2 ledd, jf. Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, jf. § 3, 2 ledd	<p>Mellombels dispensasjon frå krav om norskferdigheiter - pedagogisk leiar Å fatta vedtak om dispensasjon frå § 1 i forskrifta for inntil eitt år om gongen dersom særlege omsyn tilseier det og barnehageeigar søkjar om dispensasjon</p>
§ 26, 3. ledd, Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, jf. § § 2	<p>Dispensasjon frå krav til grunnbemanning Å fatta vedtak om dispensasjon frå kravet til grunnbemanning i andre ledd første punktum for inntil eitt år av gangen når særlege omsyn tilseier det.</p>
§ 31:	<p>Spesialpedagogisk hjelp Å fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp</p>
§ 36:	<p>Retten til skyss for barn med rett til spesialpedagogisk hjelp Å fatta vedtak om skyss, naudsynt reisefølge, tilsyn og innlosjering (Retten gjeld tilsvarande for barn under opplæringspliktig alder som har rett til teiknspråkopplæring.)</p>

§ 37.:	Barn med nedsett funksjonsevne Å fatta vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne
§ 38:	Retten til teiknspråkopplæring til barn under opplæringspliktig alder Å fatta vedtak om teiknspråkopplæring
§ 53:	Tilsynsmynde Å føra tilsyn med verksemdar etter denne lov. Kommunedirektøren kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige verksemdar. Dersom fristen for å etterkomme pålegget ikkje vert overhalde, eller dersom forholdet ikkje lar seg retta, kan kommunedirektøren vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda. Kommunedirektøren sitt stengingsvedtak skal sendast Statsforvaltaren til orient. Vedtak om retting og stenging kan påklagast til Statsforvaltaren.

Barnevernloven

Lov om barneverntjenester av 17.07.92. nr. 100

§ 2-1, 3 ledd:	Leiar for barnevernet Å peike ut leiar og stedfortredarar for barnevernstenesta
Samarbeidsavtalen pkt. 2	Vedtak etter barnevernloven Å fatta vedtak etter barnevernloven, herunder vedta rettsleg prøving av vedtak i Fylkesnemnda, samt påanke

Brann- og eksplosjonsvernloven

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver, av 14.06.02. nr. 20

	Generelt Å gjera einskildvedtak i saker som er kurante og ikkje er av prinsipiell politisk art, herunder m.a.:
§ 5, 5 ledd Jf. Forskrift om brannforebygging § 3, 4 ledd	Førebyggje og begrense skadeverknadar Å fatta vedtak om forbod mot å gjere opp eld utandørs
§ 7	Tiltak ved store arrangement Krevja naudsynte opplysningar for å vurdera faren for brann og fastsetja dei naudsynte brannsikringstiltak og avgrensingar
§ 13, 1 ledd	Særskilt brannobjekt Å fatta vedtak om registrering som særskilt brannobjekt
§ 13, 4 ledd:	Tilsyn med andre byggverk Å fatta vedtak om tilsyn med andre byggverk enn særskilte brannobjekt
§ 14, 1 ledd:	Ytterlegare sikringstiltak og beredskap Å fatta vedtak om ytterlegare sikringstiltak og beredskap
§ 20, 5 ledd: Jf. Forskrift om håndtering av eksplosjonsfarlig stoff § 7-1, 2 ledd	Tillating til oppbevaring av pyroteknisk vare Gi løyve oppbevaring av pyrotekniske varer
§ 20, 5 ledd: Jf. Forskrift om håndtering av	Tillating til handel med pyroteknisk vare Gje løyve til handel med pyroteknisk vare

eksplosjonsfarlig stoff § 9-2	
§ 20, 5 ledd: Jf. Forskrift om håndtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved håndteringen § 23	Tilsyn Å føra tilsyn med at reglane i forskrifta vert overhalde
§ 32:	Lokal tilsynsmynde Å føra tilsyn etter lova
§ 37, 1 ledd:	Pålegg Å fatta vedtak om pålegg som er naudsynt for gjennomføring av reglane i lova
§ 37, 2 ledd:	Stanse eller forby bruk Å fatta vedtak om heilt eller delvis å stanse eller forby bruk, der pålegg ikkje er oppfylt
§ 37, 3 ledd:	Stanse eller forby bruk Å fatta vedtak om å stanse eller forby bruk, der pålegg ikkje er gjeve (overhengande fare)
§ 38:	Tilbakekall av produkt m.m. Å fatta vedtak om tilbakekall av produkt m.m.
§ 39:	Tvangsmulkt Å fatta vedtak om tvangsmulkt
§ 40:	Tvangsgjennomføring Å fatta vedtak om tvangsgjennomføring – forelegg

Eierseksjonsloven

Lov om eierseksjoner, av 16.06.17. nr. 65

§12, 1. og 2. ledd:	Handsaming av søknad om seksjonering Fatta vedtak om avvising og avslag av ein søknad om seksjonering Sjå forskrift om bruk av standardisert søknad om seksjonering
§ 13, 1. ledd:	Kommunen sitt vedtak om seksjonering Fatta vedtak om seksjonering
§ 20, 1. ledd:	Deling og samanslåing av seksjonar Fatta vedtak om reseksjonering ved deling og samanslåing av seksjoner
§ 21, 1. og 2. ledd:	Reseksjonering i andre tilfelle Fatta vedtak om reseksjonering i andre tilfelle enn nemnd i § 20
§ 22	Kommunen sin rett til å krevja reseksjonering Fatta vedtak om reseksjonering

Ekteskapsloven

Lov om ekteskap, av 23.05.97. nr. 31

§ 12:	Vigsling Å erklære brudefolka for ektefolk
-----------------------	--

Film og videogramlova

Lov om film og videogram av 15.05.87. nr. 21

§ 2:	Framsyning av film eller videoprogram i næring Å tildele løyve for framsyning av film eller videogram i næring. Obs. ny lov med verknad frå 01.01.11.
----------------------	---

Folkehelseloven

Lov om folkehelsearbeid av 24.06.11. nr. 29

§ 9:	Tilsynsmynde Å føra tilsyn med dei faktorar og forhold i miljøet som til eikvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa, jf. § 8
§ 10, 1 ledd:	Meldeplikt og godkjenning Å godkjenne verksemdar som kan ha innverknad på helsa, før eller ved iversetjing
§ 10, 3 ledd:	Stansing Å krevje verksemd stanse dersom godkjenning ikkje ligg føre
§ 11, 1 ledd:	Helsekonsekvensvurdering Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemd, eller den som er ansvarleg for forhold ved eigedom, for eigen rekning å utgreie mogelege helsemessige konsekvensar av tiltaket eller forholdet
§ 12, 1 ledd:	Opplysningsplikt ovanfor kommunen Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemd som kan ha innverknad på helsa, ei plikt til, utan hinder av teieplikt, å gje kommunen dei opplysningane som er naudsynte for at den kan utføra sine gjeremål etter kap. 3. Når særlege grunnar tilsier det, kan kommunen krevje at opplysningane vert gjevne av einkvar som utfører arbeid for den som har opplysningsplikt etter første punktum
§ 12, 3 ledd:	Opplysningsplikt ovanfor ålmenta Å gje pålegg til den ansvarlege for eigedom eller verksemd som nemnt i første ledd, plikt til å gje ålmenta, kundar eller andre opplysningar om forhold ved eigedomen eller verksemda som kan ha innverknad på helsa
§ 13, 1 ledd:	Gransking Å fatta vedtak om gransking av eigedom eller verksemd for å ivareta kommunen sine oppgåver etter kap. 3.
§ 14, 1 ledd:	Retting Å fatta vedtak om retting av forhold ved ein eigedom eller verksemd i kommunen dersom forholda direkte eller indirekte kan ha negativ innverknad på helsa eller er i strid med reglane i kap. 3.
§ 15, 1 ledd:	Tvangsmulkt Å fatta vedtak om tvangsmulkt (i form av eingongsmulkt eller løpande dagmulkt) ovanfor adressaten, ved oversitting av frist for å oppfylle pålegg om retting av forhold etter § 14.
§ 16:	Stansing Å fatta vedtak om stansing dersom det oppstår forhold ved ei verksemd eller eigedom som medfører ein overhengjande fare for helseskade. Vedtaket kan gjelde stansing av heile eller deler av verksemda eller aktiviteten inntil forholda er retta eller faren er over.
§ 17, 1 ledd:	Overtredingsgebyr Å ileggje overtredingsgebyr ovanfor den som forsettleg eller uaktsomt overtrer reglane i §§ 10-14 og 16 Det same gjeld ved overtreding av forskrifter gjevne i medhald av §§ 8 og 10 når det er fastsett i forskrifta at overtreding kan medføre slik sanksjon.

Forurensingsloven

Lov om forurening og avfall. M.m. av 13.03.81. nr. 6

§ 7, 4 ledd:	Pålegg om tiltak for å hindra forureining Å gje pålegg om tiltak for å hindra eller stansa verknader av forureining innanfor kommunen sitt mynde- og ansvarsområde
§ 9, jf. Forurensningsforskrifta § 2-8, 1 ledd:	Godkjenna tiltaksplan i forureina grunn Å fatte vedtak om å godkjenne tiltaksplan ved tiltak i forureina grunn
§ 9, jf. Forurensningsforskrifta § 2-11:	Tilsyn og kontroll med kap. 2 Å føra tilsyn og kontroll med at tiltaksplanen og føresegner i kap. 2 i forureiningsforskrifta vert følgt
§ 9 jf. forurensningsforskrifta § 4-4, 2 ledd. 2 pkt.:	Godkjenna tiltaksplan i forureina grunn Å fatta vedtak om tiltaket krev løyve etter dette kapittel. Godkjenne plan for planeringsfelt.
§ 9, jf. forurensningsforskrifta § 4-8, 1 ledd:	Tilsyn og kontroll med kap. 4 Å føra tilsyn og kontroll med at anlegg utførast i tråd med godkjent plan og at føresegner i kap. 4 i forureiningsforskrifta vert følgt
§ 9 jf. forurensningsforskrifta § 4-8, 2 ledd:	Tiltak på planerte areal Gje pålegg om tiltak som er naudsynte for å førebygge, avgrense eller stanse erosjon og forureining frå planerte areal
§ 11, jf. forurensningsforskrifta § 12-2: §§12-5, jf. 12-3: §12-14, jf. lova § 18:	Tilsyn og regulering av utslepp under 50 PE Å vera tilsynsmynde for kap. 12 og føre tilsyn med at reglane og vedtak fatta i medhald av kap. 12 vert følgt. Å treffa vedtak i høve til søknader om separate utslepp inntil 50 PE Å treffa vedtak om å oppheva eller endre vilkår i tillating og om naudsynt kalle tillating attende
§ 11, jf. forurensningsforskrifta § 13-2: § 13-5: § 13-17:	Tilsyn og regulering av utslepp over 50 PE Å vera forureiningsmynde for dette kap. og føre tilsyn med at reglane og vedtak fatta i medhald av dette kap. vert følgt. Å treffa vedtak i høve til søknader om utslepp over 50 PE Å fatta vedtak om å oppheve eller endre vilkår i tillating og om naudsynt kalle tillating tilbake.
§ 11, jf. forurensningsforskrifta § 15-2, jf. lova § 18: §§15-5, jf. 15-7: § 15-8:	Krav til utslepp av oljehaldig avlaupsvatn Å vera forureiningsmynde for dette kap. og føre tilsyn med at reglane og vedtak fatta i medhald av dette kap. vert følgt Å fatta vedtak i søknad om utslepp av oljehaldig avlaupsvatn Å fatta vedtak om å oppheve eller endre vilkår i tillating og om naudsynt kalle tillating tilbake.

§ 15A-2	Å vera forureiningsmynde etter § 15A-4 og føre tilsyn med at reglane og vedtak fatta i medhald av denne regelen vert følgt
§ 22, 2 ledd: § 23, 1 ledd: § 26, 5 ledd:	Avfall Å krevje omlegging eller utbetring av stikkleidning Å fatta vedtak om at avlaupsvatn kan ledast inn i ein annan sitt avlaupsanlegg Å krevje utkopling av slamavskiljarar
§ 30, 2 ledd, 2 pkt.:	Unntak frå kommunal innsamling Etter søknad fatta vedtak om å unnta bestemte eigedomar frå den kommunale innsamlinga
§ 35, 4 ledd:	Avfallshandtering ved utfartsstader m.m. Å gje pålegg som er naudsynte til gjennomføring av reglane i § 35 første og tredje ledd om avfallshandtering ved utsalsstader, turistanlegg, utfartsstader m.m
§ 37, 1 ledd, 1 pkt. jf. § 28:	Pålegg om rydding av bilvrak og liknande Å gje pålegg om å rydda avfall eller betala for opprydding
§ 37, 1 ledd, 2 pkt. jf. § 35, 1 eller 3 ledd:	Pålegg om rydding av restaurantavfall o.l. Å gje pålegg om å fjerne avfall, rydde opp innan en viss frist, eller at hen skal dekke rimelege utgifter som nokon har hatt til fjerning eller opprydding. Dette gjeld ved overtreding av § 35, 1 eller 3 ledd dersom dette har ført til at avfallet er blitt spreidd.
§ 46, 2 ledd: § 47:	Pålegg om assistanse ved akutt forureining Å setja i verk tiltak mot akutt forureining Å gje pålegg om assistanse ved akutt forureining mot dei som har beredskapsplikt
§§ 48, jf. 28:	Tilsyn med forureining og avfall Å utøve tilsyn med den allmenne ureiningsssituasjonen
§ 49:	Opplysningsplikt Å treffa vedtak om opplysningsplikt slik at forureiningsstyresmakta kan innhente opplysningar som er naudsynte i ei forureinings sak
§§ 50 jf. også 28:	Rett til gransking Å foreta gransking
§§ 51, jf. også 28:	Pålegg om undersøking Å gje pålegg om undersøking for å finne ut om det er forureining på eigedomen
§ 73:	Tvangsmulkt ved forhold i strid med lova Å fatta vedtak om tvangsmulkt til staten for å sikre at lovreglane eller vedtak i medhald av lova vert gjennomført, kan forureiningsmynda fatta vedtak om tvangsmulkt til staten.
§ 73:	Tvangsmulkt ved forhold i strid med lova Å fatta vedtak om tvangsmulkt til staten for å sikre at lovreglane eller vedtak i medhald av lova vert gjennomført, kan forureiningsmynda fatta vedtak om tvangsmulkt til staten
§ 74:	Umiddelbar gjennomføring ved forureiningsmynde Å gjera vedtak om umiddelbar gjennomføring av pålegg gjevne i medhald av § 7, 4. Ledd som ikkje vert etterkomne av den ansvarlege
§§ 78, 3 ledd og 79, 3 ledd:	Krav om offentlig påtale Å krevja påtale ved forureining og ulovleg handtering av avfall
§ 83:	Generell delegasjon av mynde Å forvalte mynde etter lova av ikkje prinsipiell karakter

Friluftsløven

Lov om friluftslivet av 28.06.57. nr. 16

	Lova sin hovuddel – saker lagt til kommunen Å ta avgjerd i saker av ikkje prinsipiell art så langt lova tillet det
§ 35 andre ledd	Gje løyve til å varde og merka ruter/turstiar Å fatta vedtak om å gje organisasjonar som har til føremål å fremje reise- og friluftsliv rett til å varde og merke opp ruter og turstiar i utmark
§ 35 sjette ledd	Avgjere om og på kva måte merking skal skje Å fatta vedtak om og i tilfelle på kva måte merking skal tillatast, når grunneiar (eller brukar) motset seg merking etter 1. og 2. ledd
§ 40 fyrste ledd	Stansa arbeid med byggverk/stengsler/anna Å fatta vedtak Gjera om stansa påbyrja arbeid med bygning, inngjerding eller anna, som er i strid med forbod eller pålegg gjeve i medhald av lova
§ 40 andre ledd	Krevja fjerning av byggverk/stengsler/anna Gje pålegg om at heilt eller delvis oppført byggverk, stengsler eller annan innretning, skilt eller kunngjering som strid mot forbod eller pålegg gjeve i eller i medhald av lova, blir fjerna for den skuldige sin kostnad, på kommunen sine vegner
§ 40 tredje ledd	Tvangsmulkt Å fatta vedtak om tvangsmulkt dersom ikkje stengsler eller skilt blir fjerna etter pålegg frå friluftsløysorganisasjonane

Friskolelova

Lov om frittstående skolar (Friskolelova), 11.06.21. nr. 80

§ 3-5	Særskild språkopplæring Å fatta vedtak om Særskildspråkopplæring.
§ 3-6	Spesialundervisning Å fatta vedtak om spesialundervisning
§ 3-7, jf. Opplæringslova § 7-1	Særleg farleg eller vanskeleg veg Å fatta vedtak om skuleskyss, ved særleg farleg eller vanskeleg skuleveg dersom farbar veg mellom heim og skule er kortare enn 4 km (2 km for 1. steg)
§ 3-7, jf. Opplæringslova § 7-3	Skyss for skadde eller sjuke Å fatta vedtak om skyss for mellombels skadde eller sjuke elevar for inntil maksimalt 8 veker
§ 3-7, jf. Opplæringslova § 7-4	Reisefølgje og tilsyn Å fatta vedtak om reisefølgje og tilsyn til elevar
§ 2-4, jf. opplæringslova § 9A-12	Flytting av elev Å fatta vedtak om flytting av ein elev når omsynet til dei andre elevane tilseier det

Gravferdsloven

Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdslova), av 07.06.96. nr. 32

§ 9:	Kven sørger for gravferda Å gjera vedtak om kven som skal sørge for gravferda når det er usemje om dette
----------------------	--

Havne- og farvannsloven

Havne- og farvannsloven, av 17.04.09. nr. 19

	<p>Innanfor dei avgrensingar som ligg i lova og dei rammer som kommunestyret set i budsjett, betalingsreglement og andre generelle reglar og retningsliner for den kommunale drift:</p> <p>Å ta avgjerd i alle driftssaker som gjeld den daglege drifta, slik at drifta skjer forsvarleg og for hamnestellet forretningsmessig godt.</p> <p>Å ta avgjerd i alle saker som gjeld forvaltning av hamnestellet sine eigedomar og anlegg og herunder disponera og administrera alle kommunale kaier og andre hamneanlegg innanfor hamnedistriktet sine grenser, på ein forsvarleg måte til beste for kommunen og hamnestellet. Kommunedirektøren har ikkje fullmakt til å selje/avstå hamneeigedom.</p> <p>Å slutføra og inngå tingingar om leigeavtalar for areal, lager og bygningar m.m., innanfor dei rammer som er fastsett i lov og evt. generelle retningsliner for kommunal utleige og drift.</p> <p>På hamnestellet sine vegne å ivareta hamnestellet sine interesser i dei organ og institusjonar som hamnestellet er med i, herunder det daglege ansvaret for den maritime delen av det lokale oljevernet.</p> <p>Å godkjenna hamneanlegg som skal meldast og godkjennast etter lova, innanfor dei rammene som hamnestyret set.</p>
§ 14, 2. ledd, 1. pkt.	<p>Tiltak som krev tillating Å fatta vedtak om løyve til tiltak (innretningar, naturinngrep og aktivitetar) i kommunen sine sjøområde som kan påverka tryggleiken, ferdsele eller forsvars- og beredskapsinteresser</p>
